



Tenesteerklæring heimesjukepleie

Det kan være slik at du på grunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsettning ikkje sjølv kan dekkje viktige pleie- og omsorgsbehov og ikkje sjølv kan oppsøke helsehjelp. Viss du er avhengig av at helsehjelp gis i eigen heim, har du rett til å få helsetenester i heimen.

Målsetting

Målsettinga til Heimetenesta er å gje heimebuande personar nødvendig og forsvarleg helsehjelp, på same tid som grunnleggande behov vert dekte slik at brukaren kan bu i eigen bustad så lenge som mogleg. Tenestene skal ytas på ein slik måte at brukaren opprettheld eller forbetrar sitt funksjonsnivå så langt som mogleg. Før varige hjelpetiltak etableras skal tilrettelegging av bustad, omsorgsteknologi/ tekniske hjelpemidlar, kvardagsrehabilitering og annan form for rehabilitering/opplæring være prøvd eller vurdert. Heimesjukepleia jobbar med utgangspunkt i visjonen «hjelp til sjølvhjelp». Me ynskjer så langt det er mogleg å gjera jobben saman med deg, ikkje for deg.

Kriterier for å motta heimesjukepleie

- Personar med akutt eller kronisk sjukdom og/eller funksjonshemming som medfører behov for sjukepleie i eigen heim. (Lov om Pleie og Omsorgstjenester .kpl §1-3)
- Du må være villig til å søke om og ta i bruk nødvendige hjelpemiddel slik at heimesjukepleia kan utføre arbeidet på en faglig forsvarleg måte og i henhold til arbeidsmiljølova § 4-4, pkt. 2.
- Vedtaka blir fatta etter individuelle vurdering og kartlegging av hjelpebehovet. Vedtaket blir fortløpande vurdert ved endringar i brukar sitt hjelpebehov eller tenestetilbod.
- Det må føreligga skriftlig og underskrevet søknad om tenester, og søkjar må bu eller opphalde seg i Sveio kommune.
- Dersom du skal på besøk/ferie i kommunen og har behov for helsehjelp skal dette søkjast om i god tid, helst innan 2 veker i forkant.

Innhald i heimesjukepleietenesta

- Hjelp til personlig stell, av- og påkledning, toalettbesøk, hjelp til å stå opp og legge seg. Hjelp til tilrettelegging av måltider.
- Oppfølging og observasjon av føreskrive medikamentell behandling eller administrering av smertebehandling. Personar som har behov for legemiddeladministrasjon vil i hovudsak få dette i form av multidose og må signere ein tre-partsavtale mellom brukar, fastlege og heimesjukepleia. Det er fastlegen som er ansvarlig for å vidareformidle endringar til apotek og heimesjukepleie. Kommunen tilbyr også elektroniske medisin dispenserar til dei som oppfyller kriteria for dette.
- Hjelp til ernæringsiltak dersom du til dømes er underernært, har behov for hjelp til administrasjon av sondeemat o.l.
- Hjelp og opplæring til sårbehandling til dei som ikkje kan nytte legekontor til dette.
- Medisinsk oppfølging eller opplæring innan stomipleie, surstoffbehandling, parenteral ernæring og kateterisering.
- Lindrende behandling og omsorg ved alvorlig sjukdom eller ved livets slutfase.
- Tilsyn kan gis i heimen etter definerte formål som til dømes observasjon og oppfølging av somatiske tilstandar.

Tenesta omfattar ikkje

- Sårbehandling, injeksjonar og prøvetaking til brukarar som kan oppsøkje legekontor. Vaksiner blir ikkje gitt av heimesjukepleia.
- Følgje til lege, spesialist eller andre offentlege kontor, samt bestilling/avbestilling/ending av timar til lege, spesialist, tannlege, fotpleie, frisør o.l
- Reinhold, fyring, frisørtenester, fotpleie, måking, henting av ved eller avis/post, kjøre ut bossdunkar, vaske klede, oppvask.
- Tilsyn til sosiale formål
- Personar som kan nytte multidose rett frå apotek vil ikkje få bistand til administrasjon av medikament.



Tenesteerklæring praktisk bistand

Dersom du på grunn av sjukdom, funksjonshemming, alder eller andre årsaker ikkje klarer dei daglige nødvendige gjeremåla, kan du søkje om praktisk bistand. Slik krav på bistand har du dersom du ikkje kan dra omsorg for deg sjølv eller er heilt avhengig av praktisk eller personlig hjelp for å greie dagliglivets gjeremål.

Det er ein føresetnad at du held utstyr som vaskemidler, bøtte, mopp og støvsugar av nyare dato som er lett og manøvrera. Vaskefiller skal skiftast ut regelmessig og skal vaskast etter kvar bruk. Ved sengetøyskift skal madrassa ha overmadrass og det er kun denne som blir skifta på.

Innhald i praktisk bistand

- Alminneleg reingjering av rom som er i dagleg bruk; golvvask, støvsuging og vask av bad/WC.
- Hjelp til vask av kle i vaskemaskin
- Skift av sengekle
- Hjelp til å laga handleliste / bestilla matvarer
- Hjelp/retteleing i forhold til ernæring/istandgjerjing av mat
- Oppvask, dersom naudsynt må oppvaskmaskin skaffast til veie.
-

Oppgåver som tenesta ikkje omfattar

- Stryking av klede, pussing av sølvtøy og messing
- Reingjering av område over "skulderhøgde" eller av rom som ikkje er i bruk
- Støvtørking
- Hagearbeid, snømoking og hogging av ved
- Nedvask, reinsa tepper, flytte møblar, ta ut og banka store golvtepper/puter/tepper, skura og bona golv, skura terrasse eller trapper.
- Baking
- Rydding og vasking etter pårørande eller besøkjande
- Hjelp til kjæledyrhald
- Flytting av bossdunkar i fellesareal og frakting av boss til bossfylling
- Gjere i stand til høgtider